



Det var trangt i teina med 18 krabbar.

Frode Sæbø frå Korsnes opplevde litt av ein krabbefangst då han henta inn krabbeteinene sine i dag. Frå hytta si i Breivik på Fjellbergøy sette han ut tre krabbeteiner for eit par dagar sidan. Då han drog dei i dag, var det godt med krabbe i alle teinene, men i ei av dei var det heile 18 flotte krabbar.



[Her er krabbane komne i samleiteina.](#)

Frode Sæbø fortel at håpa på å få seg ein 3-4 krabbar då han sette teinene. Resultatet vart 29 krabbar fordelt på dei tre teinene.

- Så mykje som 18 har eg aldri fått i same teine før, seier den erfarne krabbefiskaren, og han fortel at han ikkje var langt av garde etter krabben heller. Det var berre 50-100 meter frå hytta.

Sjølv om fangsten var god, var nok dette berre ein forsmak. No gler den erfarne hummarfiskaren seg til fisket etter hummaren opnar 1. oktober. Sjølv om det er rein hobby for han, har vi skjøna at det er hummarfisket som verkeleg betyr noko.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: privat.